



Informasjon til føresette om Min Skole App

Ny app-løysning for tovegskommunikasjon mellom skule, SFO og heim i Klepp kommune.

Avtalen mellom Klepp kommune og leverandør av app-løysninga SchoolLink går ut 31.08.2021.

For å få ei heilskapleg løysning med eit brukargrensesnitt, har Klepp kommune inngått ein avtale med Visma om ein app-løysning for tovegskommunikasjon mellom skulen, SFO og heimen.

Klepp kommune ønskjer at alle føresette går over til å nytta den nye app'en frå 15.06.21, sånn at den nye løysninga kjem på plass før nytt skuleår.

SchoolLink vil ikkje være i bruk etter 01.08.2021.

Du kan lasta ned app'en frå Google Play eller App Store. Søk på «Min skole – foresatt».

App'en er tilgjengeleg for nedlasting for føresette i Klepp kommune etter 02.06.21.

Det er Visma som er leverandør. Du må identifisera deg med Bank-ID første gong du loggar på, deretter nyttar du koden du opprettar ved første gangs pålogging.

Om app'en «Min skole – Foresatt»:

Via app'en kan føresette kommunisera med skulen og SFO, og ta imot informasjon. Funksjonar som finst i app'en er :

- Senda og ta imot melding til/frå tilsette knytta til ditt born, SFO og administrasjon/leiing ved skulen.
- Ta i mot varslinger frå SFO og varslingar om digitale skjema.
- Melda og redigera fråvær for ditt born.
- Sjå informasjon knytt til SFO opphald og «SFO Tilstedeværelse»
- Sjå beskjedar frå skulen knytt til «SFO Tilstedeværelse», og registrera eigne beskjedar.
- Varsel om behandla søknadar som føresette har sendt til skulen.
- Svare på digitale skjema/spørjingar sendt ut via app.
- Endre på personlege innstillingar.

Forklaring til føresette på Visma si heimeside:

<https://www.visma.no/skoleadministrasjon/grunnskole/min-skole/>


For meir utfyllande informasjon og rettleiing:

<https://docs.google.com/document/d/1jDupRn8IwyluKmsZ0il8eGPKnCfNfFc7EUbBSYeldPc/edit>

Om du får vanskar med nedlasting eller anna, kan du ta kontakt med den skulen ditt born høyrer til.

Med beste helsing

Jan Harald Forsmo
skulesjef



Med blikk for alle